



Klassekontaktar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2417 - 14/10638

Saksbehandlar:

Stine Pedersen Sylta

stine.pedersen.sylta@radoy.kommune.no

Dato:

29.09.2014

## Referat frå årsmøte 16.september 2014

Ca 35-40 foreldre var tilstades på årsmøtet.

### Årsmelding

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjent.

### Reknskap:

Reknskapen synte inntekter og utgifter i samband 17. arrangementet, og hadde ei overskot på kr 39.670,32. Av desse pengane skal 2.000 overførast til klassekassen for kvart trinn.

### Vedtak:

Reknskapen vart godkjent.

Etter årsmøtet orienterte rektor kort om skulen sitt satsingsområde; Vurdering for læring, om skulen sine årsplanar som også er under arbeid, der norsk, matematikk og engelsk skal vera komplette med læringsmål og vurderingskriterium på alle trinn til sommaren. Dei resterande faga vert å fullføra komplett året etter.

Rektor understreka også kor viktig det er med eit godt skule/heim samarbeid, og at både skule og heim må vera i snarlege dialogar om det skulle dukka opp særskilde utfordringar. Særleg ved mobbing eller ved mistanke om mobbing er samarbeid særleg viktig. Her har skulen fått gode rutinar på handtering av slike saker.

Foreldra utveksla litt tankar kring 17. mai arrangementet; både ros og tankar kring ting som kan forbeistrast. Det var ynskje om at FAU kjem i gang med arbeidet snarast råd. Det er rektor som skal kalla inn til det første FAU-møtet, og forut for møtet sender rektor ut eit skriv på vegne av FAU der ein ber om innspel frå heimane til eventuelle justeringar i høve fjoråret.

Med helsing

Inger Morken Ellingsen

Rektor

Stine Pedersen Sylta

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Klassekontaktar